



Arna Jordsortering AS
Langedalen 522
5268 HAUKELAND

Vår dato:

16.09.2020

Vår ref:

2018/2161

Dykkar dato:

25.11.2019

Dykkar ref:

Robert Vørøs

Saksbehandlar, innvalstelefon

Toril Marie Mulen, 57643127

Oversending av endra løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg

Fylkesmannen gir Arna Jordsortering AS endra løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg i Bergen kommune.

Dette løyvet erstattar løyvet datert 13. mai 2016.

Vi viser til søknad av 25. november 2019 om endra løyve etter forureiningslova til mottak og handsaming av avfall i Langedalen i Bergen kommune.

Søknaden

I søknaden av 25. november 2019 søker Arna Jordsortering AS om å auke mottaket av park- og hageavfall frå 2000 til 4000 tonn årleg, og frå 300 til 600 tonn hestemøkk årleg. Det er også søkt om å auke maksimalt lagringsvolum for park- og hageavfall frå 2000 tonn til 4000 tonn og løyve til å lagre inntil 20 tonn hestemøkk i maksimalt 2 veker.

Saksgang

Søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn på heimesida til Fylkesmannen i Vestland og i Bergens Tidende. Bergen kommune vart bedt om fråsegn. Det kom ingen fråsegner frå denne offentlege høyringa.

Fylkesmannen si vurdering og grunngjeving

Generelt

Fylkesmannen meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne fatte vedtak i saka.

Verksemda har frå før løyve til å ta imot og handsame til saman 19 000 tonn avfall per år, og kan maksimalt ha 2 520 tonn avfall og 200 tonn ferdig kompost på lager. Søknaden inneber at årleg avfallsmengd til anlegget aukar frå 19 000 tonn til 21 300 tonn per år, og at maksimal lagringsmengd vil auke frå 2520 tonn til 4540 tonn avfall.



Når løyvet til avfallsanlegget vart gitt 13. mai 2016 vurderte vi forureining frå anlegget. Vi legg til grunn at den auka avfallsmengda det er gitt løyve til berre vil gje mindre auke i forureining frå anlegget, og at vurderingane som vart gjort i løyvet 13. mai 2016 framleis står ved lag.

Planstatus etter plan- og bygningslova

I kommuneplanens arealdel er området avsett til råstoffutvinning. Endra løyve vil ikkje føre til endra arealbruk i forhold til gjeldande løyve.

Utslepp til vatn

I gjeldande løyve er det sett krav til suspendert stoff (SS) på 50 mg/l for å redusere faren for at bekkevassdraget blir skada, og verksemda har etablert eit sedimenteringsbasseng for å hindre partikkelavrenning. Vidare er det krav om avbøtande tiltak dersom det skulle vise seg at det etablerte reinseanlegget ikkje reinsar tilstrekkeleg, og krav til overvakning av resipienten. Vi vurderer at desse vilkåra vil sikre at verksemda ikkje vil føre til uakseptabel utslepp til vatn som følgje av auka rammer.

Verksemda har ikkje sendt inn måleprogram og overvakingsprogram slik det er krav om i gjeldande løyve. Måling og overvakning er viktig for å sikre at verksemda har oversikt over sine utslepp og om desse påverkar resipienten. Vi legg til grunn at verksemda har utarbeidd måleprogram og overvakingsprogram i tråd med krava i gjeldande løyve. Vi har endra kravet til innsending av måleprogram, og i staden sett krav til at det skal vere oppdatert. Fylkesmannen vil følgje opp måleprogrammet ved tilsyn. Krav om innsending av overvakingsprogram er sett for å sikre samordning med ev. anna overvakning i området og at overvakkinga er i tråd med krav i vassforskrifta. For å sikre innsending til Fylkesmannen har vi sett frist for første gongs innsending.

Støy

I det gjeldande løyvet er det sett støygrenser for anlegget. Fylkesmannen har ikkje fått klager på støy frå verksemda sidan løyve vart gitt i 2016. Auka rammer kan gje ein liten auke i støy frå verksemda, men vi vurderer at gjeldande støykrav er tilstrekkeleg, og at verksemda kan drive anlegget i tråd med støykrava.

Støv

I gjeldande løyve er det sett støvgrenser for anlegget. Det vart og sett krav om å utføre måling for å dokumentere at krava til nedfallsstøv vart haldne. Desse støvmålingane, som er gjort av tredjepart, viser at nedfallsstøv med dagens aktivitet held seg godt innanfor vilkåret om å ikkje overstige 5 g/m² i løpet av 30 dagar. Auka rammer kan gje ein liten auke i støv frå verksemda, men vi vurderer at dei likevel vil vere innanfor dei krava som er sett i løyvet til støv.

Vurdering etter vassforskrifta

Tiltak som fører til fare for forureining av vatn skal også vurderast etter vassforskrifta, der formålet er å beskytte og om nødvendig betre miljøtilstanden i elvar, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. I databasen Vann-Nett inngår bekken i 061-175-R vassførekommst Bekkar til Arnavågen vest. I følge databasen er denne vassførekommsten vurdert til å ha moderat økologisk tilstand. Vassførekommsten Arnavågen er sekundærresipient til avrenninga frå Arna Jordsortering.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekommstar skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021. Ein skal ikkje tillate aktivitetar som gir dårligare miljøtilstand enn dagens situasjon i resipientar. Fylkesmannen vurderer at med dei reinsetiltak og vilkår som er sett i løyvet, så vil den auka ramma det er gitt løyve til ikkje vere til hinder for at miljømålet blir nådd i primær- eller sekundærresipient.



Utsleppet vil ikke føre til ytterlegare reduksjon av oksygennivået i Arnavågen. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gi endra løyve etter forureiningslova.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 står det at prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av mynde som påverkar naturmangfaldet. Dette inneber at naturmangfaldslova sine prinsipp også må leggjast til grunn når ein gjer vurderingar etter forureiningslova.

Auka ramme vil i liten grad ha andre følgjer for naturmangfaldet samanlikna med dagens rammer. Fylkesmannen finn ikke grunn for å endre dei vurderingane som vart gjort etter naturmangfaldlova i løyvet i 2016.

Det er strenge vilkår for utslepp til bekken som renn ut frå området, og Arna Jordsortering må ta i bruk den teknologi som er nødvendig for å overhalde utsleppskrava. Tiltakshavar må bere kostnadane med dette. Utsleppskrava tar også vare på det marine miljøet, og det vil vere liten verknad på det marine biologiske mangfaldet i Arnavågen som følgje av endringa.

Konklusjon

Fylkesmannen har vurdert dei forureiningsmessige ulempene opp mot dei samfunnsmessige fordelane ved endringa det er søkt om. Vi har vurdert at den auka avfallsmengda berre vil gje mindre auke i forureining frå anlegget samanlikna med rammene i gjeldande løyve. Anlegg som handsamar avfall kan gi nokre ulepper for nærområdet med støv, støy og utslepp. På den andre sida er desse anlegga viktige for å handtere avfallet som oppstår i samfunnet og få til ei betre utnytting av ressursane. Auka gjenbruk av avfall er i tråd med nasjonal avfallspolitikk. Dersom aktiviteten blir drifta med gode rutinar og i tråd med utsleppsløyvet, vil miljøforholda bli tilfredsstillande tatt vare på også med utvida rammer. Fylkesmannen gir difor løyve endra etter forureiningslova.

Fristar

Tabellen nedanfor gjev oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Sende inn overvakingsprogram	31. desember 2020	13
Sende inn årsrapport for førre år	1. mars kvart år	14.1

Gebyr

Fylkesmannen tek sakhandsamingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert arbeidet med dette løyvet under gebrysats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale 33 300 kroner i gebyr for løyvet. Gebrysatsen er vald basert på ressursbruken Fylkesmannen har brukt for å handsame søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

Rett til å klage

De kan klage på løyvet til Miljødirektoratet. Partane involvert i saka og andre med spesielle interesser, kan klage innan tre veker frå de har fått dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal vere grunngitt, og sendast til Fylkesmannen i Vestland.

De kan også klage på vedtaket om gebrysats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunngitt, og sendast til Fylkesmannen i Vestland.



Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Toril Marie Mulen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Kopi: Bergen kommune



Løyve til verksemd etter forureiningslova for Arna Jordsortering AS

Fylkesmannen gir Arna Jordsortering AS endra løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16, 18 første ledd punkt 2) og 5) og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 23. januar 2015 og søknad av 25. november 2019 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dette løyvet erstattar følgjande løyve:

- Løyve etter forureiningslova til mottak, lagring og handsaming av avfall i Langedalen i Bergen kommune datert 13. mai 2016

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehånd avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemrd	Arna Jordsortering AS
Stad/Gateadresse	Langedalen 522
Postadresse	5268 Haukeland
Kommune og fylke	Bergen kommune i Hordaland
Org.nummer (verksemrd)	913 902 300 eigd av 913 845 420
Gards- og bruksnummer	Gnr. 300 bnr. 3, 4 og 24
NACE-kode og bransje	43.120 Grunnarbeid

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2020.0795.T	4601.0790.01	2018/2161

Løyve gitt: 16.9.2020	Endringsnummer: 2	Sist endra: 16.09.2020
<p>Sissel Storebø seksjonsleiar</p> <p>Toril Marie Mulen Seniorrådgjevar</p> <p><i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift</i></p>		

Endringslogg

Endringsnummer	Endringer av	Punkt	Beskrivelse
1	26.11.2019		Mellombels løyve til utvida mottak og kompostering av hestegjødsel. Løyvet er avgrensa til å gjelde ut 2019.
2	16.09.2020	Forside	Oppdatert heimel, verksemddata og referansar på framsida
2	16.09.2020	1.2	Løyve til å auke mottak av hageavfall frå 2000 til 4000 tonn årleg, og auke mottak av hestemøkk frå 300 til 600 tonn årleg.
2	16.09.2020	12.2	Endra krav til innsending av måleprogram
2	16.09.2020	14.1	Sett frist for innsending av overvakingsprogram

1 Rammer for verksemda

1.1Aktivitet og lokalitet

Løyvet gjeld mottak, lagring og handsaming av nokre avfallsfrakjonar på gnr. 300 bnr. 3, 4 og 24 i Langedalen i Bergen kommune:

- Mottak, lagring og knusing av rein betong, takstein og asfalt
- Mottak, lagring, kverning og kompostering av hageavfall
- Mottak og kompostering av hestegjødsel

Løyvet regulerer ikkje utfylling av reine naturlege jord- og steinmassar, tunnelboremaskinmassar eller nyttiggjering av eigna inert avfall, jf. punkt 3.4.

Løyvet fritar ikkje verksemda frå å hente inn løyve etter dei delane av tiltaket som ikkje er regulert av forureiningslova. Verksemder som driv med biologisk behandling av organisk avfall må innhente nødvendig godkjenning frå Mattilsynet, jf. ABP-regelverket¹/Gjødselvareforskrifta².

1.2Mengde, avfallstypar, kvalitetskrav og lagringstid

Type avfall	Aktivitet	Mengde pr. år	Maksimal lagringsmengde	Maksimal lagringstid
Betong*	Mottak, lagring og knusing	15 000 tonn	300 tonn	3 månader
Takstein*	Mottak, lagring og knusing	1 200 tonn	120 tonn	3 månader
Asfalt utan tjære	Mottak, lagring og knusing	500 tonn	100 tonn	3 månader
Park- og hageavfall	Mottak, kverning og kompostering	4 000 tonn	4 000 tonn	12 månader
Hestegjødsel	Mottak og kompostering	600 tonn	20	2 veker
Ferdig kompost	Lagring	4 600 tonn	200 tonn	6 månader

*Løyvet gjeld berre reine fraksjonar utan fuger, puss og maling eller andre framandelement som plast, isopor og trevirke. Konsentrasjonen av tungmetall, PCB, PAH og olje skal ikkje overstige normverdiane for forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1. Løyvet omfattar mottak av ikkje armert betong og betong armert med metall.

1.3Driftstid

Løyvet gjeld for ordinær drift i vekedagar måndag-onsdag og fredag mellom kl. 07.00 – 16.00 og på torsdagar mellom kl. 07.00 – 19.00. Det er ikkje tillate med drift laurdag, sundag eller offentlege heilag- og høgtidsdagar.

¹ Forskrift om animalsk biprodukt som ikkje er medrekna på konsum

² Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav

Ved unntaksvis behov for arbeid utanom driftstidene, skal det gjerast ei risikovurdering og om nødvendig setjast i verk tiltak. Slike hendingar skal rapporterast i årsrapporten til Fylkesmannen.

1.4 Utforming av anlegget

Handtering og lagring av avfall skal skje på område som er tilstrekkeleg sikra til å hindre fri tilkomst og ulovleg dumping på området. Vegen inn til området skal vere stengt for ivedkomande utanom opningstid. Det skal ved behov etablerast avskjerande overvassgrøfter for å hindre at overvatn kjem inn på avfallsanlegget.

Nærare krav til utforming er spesifisert for dei ulike aktivitetane under punkt 3.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda skal om nødvendig skjerme bustadar, nærområde og offentleg veg for skjemmande innsyn.

Anlegget skal vere utforma slik at det ikkje fører til forureining av luft, grunn og vatn.

2.3 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.4 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.5 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnad. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for i vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengde, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med sakshandsaminga, føre til ein tilsvarende reduksjon i utsleppa.

2.6 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7³.

2.7 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følge av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 11.4.

2.8 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining.

³ Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

2.9 Krav til kompetanse

Alt personell som tar i mot og handsamar avfall skal ha og oppretthalde tilstrekkeleg kompetanse om avfall og ytre miljø.

Verksemda skal rå over tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko for verksemdas aktivitet.

3 Mottak, lagring og handsaming av avfall

3.1 Generelt

Mottak, lagring og handsaming av avfall skal skje på ein slik måte at det ikkje fører til samling av fugl, flygeavfall eller anna forureining. Krav til lukt, støv og støy er regulert i eigne punkt.

Mottak, lagring og handsaming av avfall skal minst lagrast på køyresterket dekke. Området må vere godt drenert og avrenning må i størst mogleg grad førast til sedimenteringsbassengen.

Avfall skal handsamast utan unødig opphald, og lagrast slik at verksemda til ei kvar tid har oversikt over lagringstid og mengder på lager. Lagringa skal skje på ein slik måte at det ikkje er fare for forureining i lagringsperioden.

3.2 Mottak av avfall

Det må etablerast ein mottakskontroll som sikrar at ein tar i mot avfallsfraksjonar som er i tråd med punkt 1.2 i løyvet.

Det skal etablerast rutinar for å avdekke og handtere hageavfall med svartelista -og framande artar.

Mottakskontrollen skal vurdere om det skal setjast i verk strakstiltak for å hindre utvikling av lukt når avfall kjem til anlegget.

Mottakskontrollen må inkludere visuell kontroll før og under lossing. Det skal etablerast eit avvikssystem i samband med mottakskontrollen.

Ulovleg avfall og anna uønskt avfall skal leverast vidare til godkjent mottaks- eller behandlingsanlegg så snart som mogeleg.

3.3 Handsaming av hageavfall og hestegjødsel

Hageavfall skal kvernast og komposteras. Hestegjødsel kan blandast inn i komposten med eit blandingsforhold på 85 % hageavfall og 15 % hestegjødsel. Det er ikkje høve til å ta imot våtorganisk avfall.

Komposteringsprosessen skal overvakast jamleg. Det skal leggjast til rette for regulering av fukt og temperatur for å oppnå ein optimal komposteringsprosess og unngå lukt og avrenning. Om nødvendig må verksemda setje i verk tiltak som t.d. tett dekke, tak og oppsamling av forureina

sigevatn. Det er ein føresetnad at komposteringa ikkje fører til forureina sigevatn som kan føre til eutrofiering eller tilslamming av Våga bekke.

Verksemda skal så langt som mogeleg drive komposteringsprosessen slik at frø og andre uønskte organismar blir uskadeleggjort. Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreiing og etablering av framande- og svartelista artar på anlegget.

3.4 Bruk av avfall

Bruk av betong skal skje i samsvar med Miljødirektoratets faktaark M-14 | 2013. Når forskrift om handtering av betongavfall er vedtatt, så er det krava i forskriftena som vil vere gjeldande for disponering av betongavfall.

Bruk av avfall inkludert takstein og asfalt må skje innanfor rammene av forureiningslova, jf. §§ 7 og 32.

Bruk av kompost er regulert av Mattilsynet gjennom Gjødselvareforskrifta og ABP-regelverket.

4 Utslepp til vatn

4.1 Utsleppsgrenser

Følgjande utsleppsgrenser gjeld:

Utsleppskomponent	Konsentrasjonsgrense	Recipient
Suspendert stoff (SS)	50 mg/l	Våga bekke

Prøvane skal takast av avløpsvatnet etter reinseanlegg, og før utslepp til bekke.

4.2 Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.

Avrenning frå området skal gå via sedimenteringsbasseng før utslepp til bekke. Reinseanlegget skal dimensjonerast etter utrekna maksimale vassmengder. Om nødvendig må det koplast på fleire reinsetrinn.

Det er ikkje tillate å vaske betongbilar på området, då dette kan medføre høge pH-verdiar.

Det må først jamleg kontroll med nivå i sedimentasjonsbassenget, og bassenget skal tømmast og reingjerast ved behov. Drifts- og tømmerutiner skal kunne leggjast fram ved ein eventuell kontroll.

Utsleppa skal ikkje føre til at vassdrag blir skada og verksemda må gjere tiltak om det skulle vere nødvendig. Det skal etablerast eit system for oppfølging av reinseanlegget, inkludert justering av prosess og etterfølgjande prøvetaking og analysering, for å sikre at anlegget fungerer som det skal og at krava i utsleppsløyvet blir halde.

4.3 Oljeholdig avløpsvatn

Det er ikke gitt løyve til utslepp av oljeholdig avløpsvatn.

4.4 Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn fra verksemda skal handterast slik at det ikke fører til skade eller ulempe for miljøet.

4.5 Sanitæravløpsvatn

Sanitært avløp skal handterast etter krav fra Bergen kommune.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikke skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemderområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trøng for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen⁴ eller Fylkesmannen⁵.

6 Kjemikaliar

Med kjemikaliar meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikaliar, til dømes groehindrande middel, støvbindande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikaliar som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikalier som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁶

⁴ Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid

⁵ Forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag

⁶ Produktkontrollova § 3a

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstilla og seljast, eller bli brukta utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁷ og andre regelverk som gjeld for kjemikaliar.

7 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Driftsperiode	Kvardagar	Kveld kvardagar (19-23)	Laurdag	Sun- og heilagdagar	Natt (23-07)	Natt (23-07)
Støygrense	55 L _{den}	50 L _{evening}	50 L _{den}	45 L _{den}	45 L _{night}	60 L _{Afmax}

L_{den} er definert som døgnmiddel. Med impulsstøy eller rentonelyd er grensa 5 dBA lågare. Den strengaste grenseverdien skal leggjast til grunn når impulslyd opptrer med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar pr. time.

Levening er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23.

L_{night} er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

L_{Afmax} er gjennomsnitt av dei 5-10 høgast førekommande støynivåa L_{Af} (A-vegd støynivå med Fast respons) i nattperioden 23-07.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære verksemd, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemد og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

8 Støv

Verksemda skal sørge for at støv frå transport, tipping og knusing av avfall er så lågt som mogeleg til ei kvar tid. Eventuelle klager på støv skal avvikshandterast. Om nødvendig må støvreduserande tiltak gjennomførast.

Utslepp av støv frå aktiviteten på området skal ikkje medføre at mengde nedfallsstøv overstig 5 g/m² i løpet av 30 dagar. Dette gjeld mineralsk del målt ved nærmest nabo, eller anna nabo som eventuelt blir meir utsett.

Verksemda skal gjennomføre ei måling av støvnedfall for å dokumentere at støvkrava blir overhalde. Måleperioden skal vere i minst eit år og skal ikkje avsluttast før målingane dokumenterer at ein overheld krava.

9 Lukt

Verksemda skal vurdere risiko for utslepp av lukt. Med bakgrunn i denne vurderinga skal det om nødvendig utarbeidast ein tiltaksplan for å hindre luktulemper til omgjevnadane.

Eventuelle klager på lukt skal avvikshandterast. Om nødvendig må luktreduserande tiltak gjennomførast.

⁷ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

10 Avfall

10.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnadslønnsområder eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Særleg skal verksemda prøve å avgrense innhaldet av skadelede stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta⁸.

Avfall som oppstår i verksemda, skal verksemda prøve å bruke på nytt i produksjonen sin eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – prøve å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyet.

Slam frå sedimenteringsbasseneget skal analyserast før avgjer om vidare disponering.

All bruk av avfall må skje innanfor rammene av forureiningslova §§ 7 og 32.

11 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

11.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Verksemda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalyesen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjoner og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalyesen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

Alt material som inngår i kompostering/sluttprodukt skal risikovurderast, med spesielt omsyn på lukt og forureining ved mottak, handtering og kompostering av avfallet.

Risikoene for spreiing av framande artar, svartelista artar og andre uønskte organismar frå anlegget skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. Lista «Fremmede arter i Norge – med Norsk svarteliste 2012». Lista er tilgjengeleg på www.artsdatabanken.no.

⁸ Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

11.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljøriskikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

11.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljøriskikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining.

Beredskapen skal vere tilpassa den miljøriskoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

11.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁹.

Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom fmvlpst@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

12 Utsleppskontroll

12.1 Målingar

Verksemda skal gjennomføre målingar av utslepp til luft, vatn og støy i omgjevnadane. Med målingar meiner vi prøvetaking, analyse og/eller berekning.

Prøvetaking og analyse skal utførast etter Norsk Standard (NS), og laboratoriet skal vere akkreditert for analysane. Dersom NS ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Fylkesmannen kan godta bruk av annan metode dersom særlege omsyn tilseier det.

Målingar/berekning skal vere representative for verksemdas faktiske utslepp og skal som eit minimum omfatte

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdiar i løyvet eller forskrifter

Føremålet med målingane er å dokumentere at krav i utsleppsløyvet, lover og forskrifter blir haldne.

Prøvetaking skal utførast av uavhengige og kvalifiserte personar med nødvendig kompetanse.

12.2 Måleprogram

Verksemda skal ha eit måleprogram som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

Måleprogrammet skal innehalde:

- Kart som viser prøvepunkt
- Definisjon av analyseparameterar
- Prøvetakingsfrekvensar som gir representative prøver

⁹ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

- Vurdering av usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstraummmåling – prøvetaking – analyse – berekning) og val av løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå
- jamleg verifisere eigne målingar med tredjepartskontroll for dei parametrane som er regulert gjennom grenseverdiar

Måleprogrammet skal skildre dei ulike trinna i målingane og grunngje valde metodar. Valt frekvens for tredjepartskontroll og for deltaking i ringtestar skal også gå fram av måleprogrammet. Det skal gå fram av måleprogrammet kva for usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir.

Måleprogrammet skal haldast oppdatert.

12.3 Journalføring

Det skal først driftsjournal for anlegget. Verksemda skal føre journal med opplysningar om opphav og kvalitet på alt avfall inn til anlegget. Det skal gå fram av journalen kva som blir lagra og kva som går ut frå anlegget.

Verksemda skal journalføre analyseresultat frå måling av utslepp til luft og vatn.

Eventuelle klager på støy, stov og lukt skal loggførast.

Journalane skal vere tilgjengeleg ved kontroll og skal oppbevarast i minst 3 år.

13 Overvaking av recipient

Verksemda skal sørge for overvaking av effektar av utsleppa til Vågabekken i samsvar med eit overvakingsprogram. Overvakingsprogrammet skal sikre overvaking både under og etter ferdig utfylling til effektane blir vurdert til å vere ubetydelege. Målet med overvakkinga er:

- Å sørge for at avbøtande tiltak som blir utført er tilstrekkeleg effektive til å hindre uønskte effektar
- Å kunne setje i verk strakstiltak ved behov
- Å dokumentere at krav i løyvet, lover og forskrifter blir haldne

Overvakingsprogrammet skal også utformast slik at det tar omsyn til krava i vassforskrifta. Sjå rettleiar for dette; [Overvåkning av miljøtilstand i vann, Veileder for vannovervåkning iht. kravene i vannforskriften](#). Det er verksemda sitt ansvar å sørge for at overvakingsprogrammet blir gjennomført etter rettleiarar som er oppdatert til ei kvar tid.

Data som blir skaffa ved overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen *Vannmiljø*. Data skal leverast på *Vannmiljø* sitt importformat, som er å finne på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>. Her finst også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med *Vannmiljø* sitt kodeverk.

Overvakingsprogrammet skal sendast til Fylkesmannen for merknadar første gong innan 31. desember 2020, og ved seinare endringar.

14 Rapportering til Fylkesmannen

14.1 Årleg rapportering

Verksemda skal innan 1. mars kvart år sende årsrapport frå førre år til Fylkesmannen. Fylkesmannen kan be om at standard rapporteringsskjema blir brukt. Rapporten skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- Mengde mottatt avfall pr. fraksjon
- Mengde og type avfall på lager 1. januar og 31. desember i rapporteringsåret
- Mengde ferdig produsert kompost på lager og ut av anlegget
- Omtale av status for utslepp og påverknad av nærmiljø vurdert opp mot krava i løyvet
- Ei vurdering av om krava i løyvet er haldne og eventuelle behov for tiltak
- Eventuelle klager over miljøproblem som følge av drifta

15 Utskifting av utstyr

Viss verksemda skal gjere utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal verksemda nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

16 Eigarskifte

Viss verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

17 Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemrd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimelig tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærrare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹⁰. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

¹⁰ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

18 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 og punkta etter.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortelser
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmere	Vanlige forkortinger
Penta-bromdifenyler (difenyler, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyler (defenyler, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyler (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2`-6,6`-tetrabromo-4,4`-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksine og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafin C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyler)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimethylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyl dioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimethylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat

Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl

4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salter av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedea perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykkliske aromatiske hydrokarbon

PAH

Ftalat

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksan

Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekamethylsyklopentasiloksan	D5
Oktamethylsyklotetrasilosan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350